



## STORTINGET

# Lovvedtak 144

(2020–2021)

(Første gangs behandling av lovvedtak)

Innst. 479 L (2020–2021), jf. Prop. 114 L (2020–2021)

---

I Stortingets møte 2. juni 2021 ble det gjort følgende

### vedtak til lov

om endringer i barnelova (Barnesakkunnig kommisjon i foreldretvistsaker)

#### I

I lov 8. april 1981 nr. 7 om barn og foreldre skal følgende bestemmelser lyde:

§ 61 b *Forskrift om krav til mandat og utgreiing til sakkunnige*

*Departementet kan gje forskrift om utforminga av mandata til dei sakkunnige og utgreiingane deira.*

§ 61 c *Barnesakkunnig kommisjon*

*Barnesakkunnig kommisjon skal vurdere kvaliteten på utgreiingar frå sakkunnige som er oppnemnde av retten etter § 61 første stykket nr. 3 og utgreiingar frå sakkunnige som ein part har engasjert.*

*Ein sakkunnig som er oppnemnd av retten etter § 61 første stykket nr. 3 skal sende utgreiinga til kommisjonen med kopi til retten. Er den sakkunnige engasjert av ein part, skal parten sende inn utgreiinga på same måten. Kommisjonen skal sende si vurdering til retten og den sakkunnige.*

*Retten kan berre legge til grunn ei sakkunnig utgreiing som har vore vurdert av kommisjonen etter denne paragrafen.*

*Departementet nemner opp medlemmene i kommisjonen og kan gje forskrift om korleis kommisjonen skal*

*vere organisert, kva oppgåver han skal ha, og korleis han skal handsame sakene.*

§ 61 d *Barnesakkunnig kommisjon kan handsame personopplysningar*

*Personopplysningsloven gjeld for Barnesakkunnig kommisjon. Kommisjonen kan handsame personopplysningar, medrekna personopplysningar som nemnde i personvernforordninga artikkel 9 og 10, når det er naudsynt for å utføre oppgåver etter § 61 c eller forskrift i medhald av § 61 c fjerde stykket.*

*Departementet kan gje forskrift om handsaminga av personopplysningar, mellom anna om føremålet med handsaminga, handsamingsansvar, kva personopplysningar som kan handsamast, kven det kan handsamast personopplysningar om, tiltak som skal verne den opplysingane gjeld, høve til vidarehandsaming, utlevering, registerføring og tilgang til register.*

#### II

1. Loven gjelder fra den tid Kongen bestemmer. Kongen kan sette i kraft de enkelte bestemmelsene til forskjellig tid.
2. Departementet kan i forskrift gi nærmere overgangsbestemmelser.

Tone Wilhelmsen Trøen

president

